



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 28.08.2020

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 20.08.2020

Møtetid: Kl. 18.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor (Møterom)

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Marit Tonning, Veronica Vågen, Trond Gandrud, Andreas Ester.

Meldt forfall:

Vidar Myren, Lars Petter Amundrud

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kantor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste, samt godkjenning møtebok frå møtet 18.06.2020.
Godkjent utan merknader.

Meldingssaker

000020 Soknepresten hadde ordet
Stikkord frå teksten var fuglar

000021 Misjonsprosjekt Estland – vegen vidare
Vi skal ha dette prosjektet saman med Kyrkjebø sokneråd. May-Wenche har vore i kontakt med Torstein Fosse i NMS. Toril Lange kan ha denne informasjonen på hausttakkefesten.

000022 Revidering av gudstenesteordning 2020
Soknepresten orienterte. Gudstenesteutvalet skal revidere den noverande gudstenesteordninga. Soknepresten og kyrkjevevja har samtala om korleis ein kan få opp interessa for gudstenestene i Høyanger, og det har kome opp nokre interessante idear.

Vedtaksaker

Sak 022/20 Soknerådet sine oppgåver etter Kyrkjelova §9

Vedtak:

Soknerådet har funne dato for ein samankomst med soknerådet og dei tilsette i kyrkja: Det vert torsdag 12.11.2020 i bedehuset. Vi kan der drøfte dei oppgåvene vi har, kva ressursar vi har til disposisjon, og korleis vi best kan samhandle for å byggje kyrkjelyden i Høyanger. Kva lukkast vi med? Kva får dei andre sokneråda til? Soknerådsmedlemene lagar gryterrett med tilbehør til mat.

Sak 023/20 Årshjul 2020

Vedtak:

Andakter på institusjonane vart ikkje gjennomført i vår/sommar pga. koronaepidemien. Vi reknar med at pandemien varer ut året. Plan B er å undersøkje om ein kan lage til digital andakt. Soknerådet utset oppdatering av årshjulet til neste møte.

Sak 024/20 Møteplan hausten 2020

Vedtak:

Onsdag 23.09.kl. 18.00 – torsdag 29.10.kl. 18.00 – torsdag 26.11.2020 kl. 18.00

Sak 025/20 Gudstenesteplan for hausten 2020

Vedtak:

18.10.kl. 11.00 Misjonsgudsteneste og hausttakkefest i Høyanger kyrkje saman med Kyrkjebø
25.10.kl. 12.00 Gudstenest på Alværa, etter konfirmanthelg frå 23.10.
01.11.kl. 11.00 Helgemesse i Høyanger kyrkje, Minnedag
08.11.kl. 11.00 Familiegudsteneste i Høyanger kyrkje, med 1. klassingar
03.12.kl. 18.00 Lysmesse i Høyanger Kyrkje, felles med Kyrkjebø
24.12.kl. 16.00 Gudsteneste i Høyanger kyrkje på Julafta

Sak 026/20 Tildeling av offer 2020

Vedtak:

18.10.kl. 11.00 Offer til misjonsprosjektet
08.11.kl. 11.00 Offer til eige arbeid
03.12.kl. 18.00 Offer til eige arbeid
24.12.kl. 16.00 Offer til Kirkens Nødhjelp

Sak 027/20 Framtida til Høyanger Bedehus

Vedtak:

Høyanger sokneråd vil bruke bedehuset ved behov så lenge vi kan. Etter at vi fekk avslag på søknaden om økonomisk støtte frå Høyanger kommune, ser vi det slik at Høyanger sokneråd - Høyanger kyrkjelege fellestråd ikkje er i stand til økonomisk å overta bedehuset, med all den rehabilitering som må til. Det vert altfor stor kostnad for oss.

Ymse: Marit skal kontakte leiar ved Eldresenteret. Vi vil jobbe vidare med ideen om å skysse folk til gudsteneste. Vi kunne besøkt dei og fortalt om ideen, og høyre om det er stemning for ei slik ordning

Marit Tonning, nestleiar og referent

Bjørnar Otterstein, sekretær